



Juletreet er det fremste symbolet på julehøgtida, endå det ikkje er stort eldre enn 120 år her i landet. Juletreet kom til Europa med reformasjonen på 1500-talet og vidare til Norden tidleg på 1800-talet.

Borgarskapet i byane tok det i bruk og seinare kom bygdene etter. Juletrepynten var for det meste heimelaga, noko var kjøpt inn frå andre europeiske land.

I dag er juletreet ein heil industri med mykje import frå Danmark.

I åra etter krigen med mykje skogplanting, var det nokre bønder i Uskedalen som hadde sine egne juletre. Mange fekk juletre frå Langballe i Skorpo.

Oskar Langballe minnest godt han som gut var med faren, Bernt, og leverte juletre til faste kundar i sentrum og oppe i dalen.

Dei hogg og leverte om lag 30 juletre kvart år, furu- og grantre.

Det vart rekna som ei lita attåtinntekt til gardsdrifta.

Dei siste 20 åra har mange pynta juletre ute med lys og dekorasjon.

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Foto: Ola Matti Mathisen